Vvs Eksperten Askøy AS
Postboks 117
5318 STRUSSHAMN

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: Mads Kjærgård<br>Vår: 22/1985 - 22/21084 | Linda Hammersvik Folkestad<br>linda.folkestad@alver.kommune.no | 14.03.2022 |

# Svar på spørsmål om dokumentasjon til påkobling av offentlig vatn - gbnr 234/20 Eide ytre

Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning viser til Dykkar e-post av 28.02.2022 og telefonsamtale 14.03.2022 vedkomande gbnr 234/20 og tilknyting til kommunalt vatn.

Samferdsel, veg-, vatn- og avløp kan ikkje sjå at det ligg føre godkjent tilknyting på gbnr 234/20.

Vi har gått igjennom tilknytingssaker i området rundt gbnr 234/20. Etter det vi kan sjå har Askøy VVS AS berre sendt inn røyrleggarmelding på gbnr 234/22. I følgje innsendt ferdigmelding for denne tilknytinga har, Askøy VVS AS, dokumentert at dei også har knytt på **gbnr 234/20**, **234/38** og **234/4**.

I godkjent ferdigmelding på gbnr 234/22, datert 22.06.2018, har Lindås kommunen sett krav om at Askøy VVS AS sender inn røyrleggarmelding for dei resterande eigedomane.

Kommunan har, per dags dato, ikkje motteke røyrleggarmelding for disse eigedomane. Vi ber om at det vert sendt snarast. Det må sendast inn ei røyrleggarmelding per eigedom.

**Med rørleggarmelding skal følgjande dokumentasjon leggast ved:**

- VA kart som viser leidningsnett frå veggliv til tilknytingspunkt kommunal vassleidning.
- Tinglyst erklæring om felles solidarisk ansvar for del av leidningsnett som vert felles fram til tilknytingspunkt kommunal vassleidning. Alle som er knytt på privat leidning skal signere på avtalen. Vi legg ved kopi av forslag til avtale.
- Teikningar av bunnleidningsplan og oversikt BYA/BRA for bygg.

Vi gjer merksam på at kvar eigedom skal betale tilknytingsgebyr. Tilknytingsgebyr vil verte fakturert etter gjeldande satser (det året søknad er sendt inn). I henhald til foreldelseslova § 2 vil det også bli fakurert vassgebyr 3 år tilbake i tid.

**Alver kommune**
Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00
post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no
Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

| | |
|---|---|
| Arne Helgesen | Linda Hammersvik Folkestad |
| Avdelingsleiar | Ingeniør |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
Erklæring om felles solidarisk ansvar
Godkjend ferdigmelding - gbnr 234-22 Eide ytre (L)(371812)
Søknad om ferdigmelding gbnr 234-22

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Vvs Eksperten Askøy AS | Postboks 117 | 5318 | STRUSSHAMN |